



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 16. september 2024

Sak 2024/488 – Brandal Grendehus - org.nr. 912 365 514 – klage over vedtak om delvis innvilga søknad om meirverdiavgiftskompensasjon

Lotterinemnda sine medlemmer: Leder Martin Hennig, og medlemmene Shabneet K. Bains og Elisabeth Ekberg

Bakgrunnen for saka

- (1) Brandal Grendehus (klagar) søkte 20. august 2023 om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2022. Søknaden gjaldt eit kompensasjonsbeløp på 190 540 kroner etter dokumentert modell.
- (2) Lotteritilsynet innvilga søknaden 20. desember 2023, men reduserte søknadsbeløpet med 90 prosent, frå 190 540 kroner til 19 054 kroner. Tilsynet grunngav avgrensinga med at det ikkje blir gitt kompensasjon for drifts- og vedlikehaldskostnader som gjeld utleige av bygg, jf. forskrifta § 6 bokstav d. I årsmeldinga vart det opplyst at klagar hadde to eigne arrangement i 2022, og at huset vart leigd ut 14 gonger til private arrangement. Vidare nyttar Brandalskoret huset til øvingslokale og Brandal friskule leiger noko av bygningsmassen til lager og museum. I transaksjonslista er alle meirverdiavgiftskostnader til drift og vedlikehald førte opp med 190 540 kroner, utan avgrensing for utleige. Ut ifrå opplysningar i årsmeldinga, la tilsynet til grunn at Brandal Grendehus berre hadde hatt to eigne arrangement, og at annan aktivitet i grendehuset gjaldt andre organisasjonar sin bruk av huset, samt utleige til private. Då eigen bruk av huset utgjer ein svært liten del av total bruk, avgrensa tilsynet 90 prosent av driftskostnadane.
- (3) Brandal Grendehus klaga på vedtaket 9. januar 2024. Klagar gjer gjeldande at grendehuset ikkje driv med kommersiell drift/utleige. Slik klagar ser det har Lotteritilsynet hengt seg opp i at grendehuset har vorte brukt 14 gonger til festar og liknande, og at det dermed er lite eigen bruk. Klagar viser til at dette ikkje stemmer, og at eigne arrangement ikkje er avgrensa til dei arrangementa styret klarer å få i stand. Alle innbyggjarane i Brandal krins er eigarar av grendehuset, og det er stort sett innbyggjarane som står bak alle arrangementa på huset. Klagar meiner at dette kjem inn under eigen bruk. Når det gjeld utleige av lagerplass til Brandal Friskole, har klagar ingen utgifter knytt til dette, og heller ingen moms. Skulemuseet bruker eit lite rom på loftet, og betalar litt for dette, men klagar har ingen momskostnader knytt til dette. Museet er ope for alle heile året, og etter klagar sitt syn er dette ikkje ekstern utleige. Meirverdiavgiftskostnadane gjeld i all hovudsak vindauga frå 1970, som var i så dårleg stand, at dei måtte skiftast ut i 2022. Klagar meiner at dette er rekne som utgifter til vedlikehald av bygget, og at utgiftene ikkje har noko med utleige eller annan bruk å

Postadresse:

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse:

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Telefon:

+47 55 19 30 00

gjere. Klagar viser også til at organisasjonen fikk meirverdiavgiftskompensasjon då skifertaket på grendehuset vart bytt ut i 2019.

- (4) Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket og sende 2. april 2024 over klagen med innstilling til Lotterinemnda for behandling.
- (5) Klagar sende merknadar 16. april 2024 til Lotteritilsynet sin innstilling til Lotterinemnda. I merknadane framhevar klagar at innbyggjarane i Brandal er eigarane av grendehuset, og ber om at denne spesielle typen eigedomsrett blir særskild vurdert. Klagar opplyste om at fleire ulike grupper i bygda nyttar huset til ulike samfunnsnyttige aktivitetar utan å betale, og at dette må bli rekna som eigen bruk. Klagar la også ved ei oversikt over bruk av huset i 2022 som etter klagar sitt syn må bli rekna som organisasjonen sin eigen bruk. Det blir elles vist til klagen og merknadane i sin heilskap.

Det rettslege grunnlaget

- (6) Det rettslege grunnlaget er forskrift 23. oktober 2018 nr. 1600 om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar (forskrifta).
- (7) Formålet med ordninga er å fremme frivillig aktivitet. Ordninga skal kompensere for kostnader som frivillige organisasjonar har til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester, jf. forskrifta § 1.
- (8) Det blir ikkje gitt kompensasjon til drifts- og vedlikehaldskostnader som gjeld utleige av bygg, anlegg eller annan fast eigedom jf. forskrifta § 6 bokstav d.
- (9) Av forvaltningslova § 34 følger det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg det at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønn. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Vurderinga til Lotterinemnda

- (10) Klagen til Brandal Grendehus gjeld vedtaket til Lotteritilsynet av 20. desember 2023 om delvis avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2022.
- (11) Det følger av årsmeldinga til klagar at styret har halde to arrangement i grendehuset i 2022, og at huset vart leigd ut 14 gonger i løpet av 2022. Lotteritilsynet har lagt til grunn at klagar har brukt huset to gonger, noko som utgjer ein liten del av det totale bruket av grendehuset. Tilsynet avgrensa derfor driftskostnadane med 90 prosent. Klagar viser til at grendehuset er eigd av bygdefolket i Brandal, og at innbyggjarane sin bruk av huset må reknast som organisasjonen sin eigen bruk.
- (12) Det følger av § 1 i vedtektene til klagar at «[e]igar av eigdommen er Brandal krins ved styret for Brandal grendehus. Jamfør sjøyte av 22. januar 1970». Det er altså innbyggjarane i Brandal, som til kvar tid bur der, som er eigarar av bygget. Klagar har også lagt ved eit skøyte som viser at Hareide kommune 22. januar 1970 overdrog Brandal gamle skule til Brandal krins. Bygdefolket i Brandal forvaltar eigarskapet sitt gjennom eit styre på fem personar som har fullmakter i sin valperiode. Styret blir valt av bygdefolket kvart år.

- (13) Vidare følger det av vedtektene § 2 at formålet til organisasjonen er:

«Hovudføremålet med huset er å vere forsamlingshus for folket i Brandal. Huset skal stå ope for alle lovlege føremål. Ingen må stengjast ute på grunn av religiøse, sosiale eller politiske syn. Kvart lag/organisasjon får bruke huset etter den tarv som laget/organisasjonen sin arbeidsmåte krev.

Lag/organisasjonar som har bruk for faste møte eller øvingar gjennom året, sender søknad om dette til styret, slik at det kan verte arbeidd ut ein møteplan. Andre utanfor krinsen kan etter løyve av styret få leige huset.»

- (14) Det verkar for Lotterinemnda som at verksemda til klagar består i å sørge for at grendehuset er eit forsamlingshus for folket i Brandal. I tråd med formålet til organisasjonen nyttar ulike grupperingar i bygda huset til møter og andre samfunnsnyttige aktivitetar utan å betale leige. Det kjem fram av merknadane til klagar at huset vart brukt åtte dagar i samband med ei 17. maifeiring, medrekna førebuingar. Utover dette har grendehuset vorte brukt rundt 30 dagar av ulike grupperingar i bygda til allmennyttig verksemd. Klagar har opplyst at ei arbeidsgruppe har brukt bygget til å ha møter om historia til Kvitneset, ei anna gruppe har brukt huset til å arbeide med kartfesting av stadnamn i utmark, fjell og fjøre, samt at det har blitt arrangert quiz på huset til glede for innbyggerane.
- (15) Spørsmålet er om denne aktiviteten skal reknast som utleige eller organisasjonen sin eigen bruk.
- (16) At grupperingane nyttar bygget vederlagsfritt indikerer at slik aktivitet kan reknast som del av klagar si eiga verksemd. Formålet til klagar er at grendehuset skal være et forsamlingshus for folket i Brandal. At bygget nyttast av bygdefolket til ulik samfunnsnyttig aktivitet, gjerast nettopp for å oppnå dette formålet. At klagar ikkje mottek leigeinntekter når bygget disponerast av grupperingar i bygda til samfunnsnyttig aktivitet er også eit moment i retning av at det ikkje er utleige. Lotterinemnda har derfor kome til at den vederlagsfrie bruken til bygdefolket av bygget må sjåast på som organisasjonen sin eigen bruk, og ikkje utleige.
- (17) Klagar har opplyst at dersom ei gruppering skal nytta huset til arrangement eller til å feire rein årsmålsdag skal det betalast leige etter fastsette satsar. Vedtektene § 7 regulerer utleige av grendehuset, og nemnda legg til grunn at klagar også driv med utleigeverksemd mot vederlag. Slik nemnda forstår opplysningane i saka har klagar motteke vederlag for utleige av grendehuset 14 gonger i 2022. Det følger av årsrekneskapet til klagar for 2022 at klagar har hatt 58 298 kroner i utleigeinntekter.
- (18) Lotterinemnda har i tidlegare avgjerder lagt til grunn at ei naturleg språkleg forståing av ordlyden i forskrifta § 6 bokstav d tilseier at det i tilfelle der ein eigedom brukast til både utleige og til andre formål, skal det avgrensast mot dei kostnadar som gjeld utleige, sjå til dømes Lotterinemndas vedtak i sak 2022/593. Andre kostnadar kan kompensrast dersom vilkåra i forskrifta elles er oppfylte.
- (19) Lotterinemnda forstår det slik at kostnadane det er søkt om kompensasjon for hovudsakeleg er kostnadar knytt til det å skifta vindauga på grendehuset. Meirverdiavgiftskostnadane til dette kom på 181 297 kroner av eit totalt søknadsbeløp på 190 540 kroner. Nemnda er einig med Lotteritilsynet i at dette er å rekne som

nødvendig vedlikehald, uavhengig av om huset er brukt av organisasjonen sjølv eller er disponert av andre.

- (20) Lotterinemnda har kome til at det må gjerast ei avgrensing for vedlikehaldskostnadar som gjeld utleige av bygg etter forskrifta § 6 bokstav d, ettersom grendehuset til klagar blir stilt til disposisjon for andre, og klagar har motteke vederlag for bruk av huset. Nemnda meiner likevel at den avgrensinga som Lotteritilsynet har lagt til grunn i denne saka ikkje kan være riktig. Slik nemnda forstår det, har tilsynet ved utrekninga av kor stor del av vedlikehaldskostnadane som gjeld utleige av bygg, berre vurdert klagar sin bruk ved gjennomføringa av to arrangement, opp mot kor mange dagar bygget har vore brukt av andre. Nemnda er av den oppfatning at denne utrekninga må gjerast på grunnlag av eit fullt kalenderår, kor dagane med utleige av lokalet må vurderast opp mot 365 dagar i året. Også i dei periodane kor det ikkje skjer noko direkte bruk av lokalet, altså dei periodane der huset står tomt, vil klagar like fullt vere eigar av grendehuset og disponere dette i sitt frivillige arbeid. I utgangspunktet blir det gitt kompensasjon for drifts- og vedlikehaldskostnadar som ikkje reknast som ny-, på- og ombyggingskostnadar etter forskrifta § 6 bokstav b. Det vil ikkje vere i tråd med formålet til forskrifta at ei minimal utleigeverksemd skal føre til ein så stor reduksjon i kompensasjonsbeløpet som Lotteritilsynet har lagt til grunn i denne saka. Med den tilnærminga tilsynet har lagt til grunn, vil ikkje leigeinntektene spegle driftskostnadane på noko vis.
- (21) Vedtaket blir på denne bakgrunnen oppheva, og sendt tilbake til Lotteritilsynet for ny behandling.

Konklusjon

- (22) Lotterinemnda finn etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka at Lotteritilsynet sitt vedtak skal opphevast. Saka blir sendt til Lotteritilsynet for ny behandling.

Vedtak

Lotteritilsynet sitt vedtak 20. desember 2023 opphevast. Saka blir sendt til Lotteritilsynet for ny behandling.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur